




ÅL KOMMUNE

Eigarskapsmeldinga for Ål kommune 2023



Verdiskaping, berekraft og tillit.

Vedteke i K-sak
Arkivsak:



Innhald

Innhald.....	2
Forord	3
1. Om eigarskapsmeldinga	4
2. Ordforklaring	5
3. Eigarstyring	6
3.1 Ål kommune som eigar	6
3.2 Motiv for å opprette selskap/føretak	6
3.3 Kommunen som eigar – roller og rolleforståing	8
3.4 Sentrale spørsmål å stille i eigarskapsvurderinga	9
3.5 Lovfesta modellar for kommunal selskapsdanning og samarbeid mellom kommunar	11
3.5.1 Kommunale føretak (KF) (kommunelova kapittel 9)	12
3.5.2 Vertskommunesamarbeid (kommunelova kap. 20)	12
3.5.3 Interkommunale selskap (IKS) (kommunelova §17)	13
3.5.4 Kommunalt oppgåvefellesskap (kommunelova kap. 19)	14
3.5.5 Interkommunalt politisk råd (kommunelova kap. 18)	15
3.5.6 Aksjeselskap (AS)	15
3.5.7 Stiftingar	16
3.6 Forvaltning, rollar og køyrereglar.....	17
3.7 Litt om styret si rolle	18
3.8 Retningslinjer for eigarskap, leiging og kontroll av selskap.....	19
3.9 Litt om operasjonell risiko og berekraft	21
4. Ål kommune sine eigarinteresser og samarbeid i ulike føretak	22
4.1 Ål Kraftverk KF.....	24
4.2 Vardar AS.....	25
4.3 Vidju Holding AS (tidl. Hallingdal Kraftnett AS).....	26
4.4 Ål Utvikling AS	27
4.5 VINN AS Hallingdal	28
4.6 Hallingdal brann- og redningsteneste IKS	29
4.7 Hallingdal Renovasjon IKS	31
4.8 Felles Innkrevingskontor i Hallingdal	32
4.9 Viken Kommunerevisjon IKS	33
4.10 IKT Hallingdal.....	34
4.11 Hallingdal barnevernteneste.....	35

Forord

Ål kommune har eigarskap i kommunale føretak, interkommunale selskap, aksjeselskap og stiftingar. Dette er verdiar som vi må forvalte til beste for innbyggerane. Openheit om kommunen sitt eigarskap og forvaltning er eit viktig demokratisk prinsipp. Det krev mykje av oss. Ein rapport frå Telemarksforsking påpeikar mellom anna at

- det er ei utfordring å gå frå tradisjonell forvaltningsstyring til eigarstyring
- det er liten kunnskap om kva eigarskapsrolla inneber
- kommunen forvaltar store verdiar gjennom selskapa sine
- manglande oversikt over kommunale selskap og interkommunalt samarbeid resulterer i ein passiv eigarskapsrolle
- eit aktivt eigarskap føreset system og retningslinjer for korleis eigarskap skal utøvast, at det definerast klare målsettingar med eigarskapet og at desse vert evaluert og følgd opp.

Ål kommune si eigarskapsmelding er det overordna politiske styringsdokumentet for den delen av kommunen si verksemd som er lagt utanom linjeorganisasjonen. I korte trekk betyr det at kommunen si styringsrolle (forvaltning) ligg hos styret og dagleg leiar i aksjeselskap, interkommunale selskap og anna.

Påliteleg styring handlar om innbyggerane sin tillit til korleis kommunen tek vare å desse verdiane og at det skjer ei verdiskaping og samfunnsbygging som er berekraftig. Berekraft handlar om å leve på ein måte som gjer at vi får det vi treng utan å øydelegge for at framtidige generasjonar skal få dekkja sine behov. Tre områder må ivaretakast for at noko skal vere berekraftig: miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

Kravet om å utarbeide eigarskapsmelding for kvar valperiode er nedfelt i kommunelova. Det kan også skje oftare. Meldinga skal bidra til at kommunen vår er ein ryddig, tydeleg og ansvarleg eigar. Eigarskapsmeldinga skal handsamast og vedtakast av kommunestyret. Det er eit krav at du som folkevald har god informasjon om det som skjer i føretak og interkommunalt samarbeid mv. slik at du kan ivareta det overordna ansvaret for påliteleg styre. Det betyr også at du må ta på deg ei anna rolle enn det som tradisjonelt har vore oppfatta som politikarane si rolle. Som eigar av kommunale selskap har du ein unik mogelegheit til å prioritere langs dei «store linjene». Meldinga gjev nødvendigvis ikkje ei fullstendig og detaljert oversikt over kommunen sitt totale økonomiske engasjement. Opplysningane gjev likevel eit tilstrekkeleg grunnlag til å utøve ei forsvarleg styring av Ål kommune sitt eigarskap.

Handsaminga av denne meldinga skal skje i kommunestyret i 2023. Eg ser fram til grundige og konstruktive diskusjonar i kommunestyret og at vi får tydelege føringar for dei neste åra.

Rådmannen legg med dette fram forslag til ny eigarskapsmelding for valperioden 2023-2027.

Ål, den .../... 2023

Karsten Popp Dideriksen

Rådmann

1. Om eigarskapsmeldinga

Det vert ofte uttrykt at «å eige er å ville». Ål kommunen må altså ville noko med det den eig. Dette er også den viktigaste grunnen til at kommunen treng ein open og uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i ulike selskap. Kommunar og fylkeskommunar har stor fridom til å organisere sine tenester slik dei finn det hensiktsmessig. Det kan vere innafor kommunen sin driftsorganisasjon (direkte styring) eller utanfor (indirekte styring).

Eigarskapsmeldinga har som formål å gje nødvendige styringssignal til selskapa og gjere det tydeleg for lokalpolitikarane kva ansvar dei har. Ho vil bidra til oversikt over kommunen si samla verksemd og gjere det mogeleg for dei folkevalde å setje seg inn i dei ulike juridiske alternativ til styring som ligg i dei forskjellige selskapsformene. Vidare vil ho bidra til meir openheit ovafor omverda i forhold til den samla kommunale verksemda. Meldinga beskriv dei politiske og juridiske styringsgrunnlaga knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformene, samt formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa. Eigarskap er ein del av opplæringa til dei folkevalde som må spørje seg sjølve: Kva vil vi med eigarskapet i dette selskapet?

Styringsdokumenta til eit selskap, som vedtekter eller selskapsavtale, skal innehalde avklaringar av kva ein ynskjer å oppnå med selskapet og kva for forventningar eigaren har. Formålsparagrafen er sentral. I tillegg er det viktig med tydeleg eigarstrategi som skal formulere kva kommunen vil oppnå som eigar.

Ål kommune si eigarskapsmelding er altså det overordna politiske styringsdokumentet for den delen av kommunen si verksemd som er lagt utanom linjeorganisasjonen. Det omfattar også ulike modellar for vertskommunesamarbeid. I korte trekk betyr det at kommunen si styringsrolle (forvaltning) ligg hos styret og dagleg leiar i aksjeselskap, interkommunale selskap, stiftingar og anna. Eit viktig prinsipp ved dette er at dei leiande organa i desse føretaka skal ha betydeleg grad av fridom til å drive verksemda. Lovfesta vedtak og vanlege normer for god selskapsstyring set grenser for kor mykje kommunen som eig desse selskapa, kan og bør involverer seg. Oppgåvene til styret og administrasjonen er å planlegge, forvalte og drive verksemda innafor ei ytre ramme som eigaren/ eigarane har trekt opp. Desse ytre rammene bestå av

- eigarstrategien
- eigarskapsmeldinga og
- selskapsavtala eller vedtektene for selskapet.

Eigarskapsmeldinga skal handsamast og vedtakast av kommunestyret minst ein gang i valperioden (kommunelova § 26-1). I tillegg bør oversikten i kapittel 4 (*Ål kommune sine eigarinteresser og samarbeid i ulike føretak*) og lovtilvisingar oppdaterast annakvart år. Kommunestyret skal ikkje detaljstyre selskapa gjennom eigarskapsmeldinga, men bidra til å sikre samhandling og kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyret ovafor selskapa og omverda.

Eigarskapsmeldinga består av 4 kapittel der kapittel 3 og 4 er dei mest sentrale.

- Kapittel 3 som er hovuddelen i meldinga, handlar om eigarstyring, ulike selskapsformer, eigarskapsprinsipp og eigarstrategi.
- Kapittel 4 er meldinga sin selskapsdel og omhandlar kommunen sine eigarskap. Her finns oversikt over selskap, eigarinteresser og strategi som ligg til grunn for det enkelte eigarskap.

2. Ordforklaring

Kjelde: «Folkevalgprogrammet 2019-23. Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll» (KS). (Bokmål)

Berekraft: «Bærekraft handler om å leve på en måte som gjør at vi får det vi trenger, uten å ødelegge for at fremtidige generasjoner skal få dekket sine behov. De tre områdene miljø, økonomi og sosiale forhold må ivaretas for at noe skal være bærekraftig.»

Eigarskapskontroll: «Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunen sine eierinteresser, gjør det i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. Kontrollutvalet skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, men kommunestyret eller fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Eigarskapsmelding: «Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Eierskapsmeldingen skal inneholde:

- kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene.»

Eigarmøte: «Et eiermøte er et møte mellom representanter fra kommunen som eier, og styret og daglig leder for selskapet. Det kommer i tillegg til møter i representantskap og generalforsamling. Et eiermøte er ikke lovregulert og er bare en uformell arena der det ikke skal treffes vedtak. Det bør ikke legges føringer eller «gis signaler» i eiermøtene som kan anses å gripe inn i styrets myndighetsområde. Eiermøtene er uforpliktende for eierne og for selskapet.»

Eigarstrategi: «En eierstrategi er kommunens/eiers rammer og retningslinjer for eierskapet til selskapet. Den sier noe om hva eier vil vi med sitt eierskap i selskapet, hva selskapet skal drive med og hvilket formål det skal ha.»

Eigarstyring: «Den styringen kommunen og fylkeskommunen har med virksomhet som foregår utenfor egen administrasjon, for eksempel kommunale foretak, aksjeselskaper, interkommunale selskaper, andre former for interkommunalt samarbeid. Selskapsstyring: Den styringen som gjøres av virksomhetens ledelse, for aksjeselskap styret og daglig leder.»

Vertskommunemodellen: Ordninger der kommuner kjøper eller mottar tjenester fra en annen kommune, for eksempel utveksling og omsetting av administrative støttetjenester innenfor områder som innkjøp, regnskap, IKT, helse og juridiske tjenester. Det rettslige grunnlaget er ofte en privatrettslig avtale mellom partene der deltakerkommunene «bestiller» og betaler for en tjeneste som «vertskommunen» skal utføre. En kommune kan også delegerer myndighet til å treffe enkeltvedtak eller vedta forskrift til en vertskommune.

3. Eigarstyring

3.1 Ål kommune som eigar

Kommunen er innbyggjarane sitt organ for å utøve visse tenester og tilbod. Nokre er lovpålagde og skal utøvast av kommunen, andre er meir opp til kommunen sjølv å bestemme og vert til gjennom demokratiske prosessar i kommunen. Kva tenester og tilbod som skal sikrast gjennom den kommunale forvaltninga og kommunalt eigarskap, vil endrast over tid.

Ål kommune har eigarskap i fleire selskap, som oftast saman med andre kommunar, organisasjonar eller bedrifter. I stadig fleire samanhengar blir det spurd etter oversikter over det samla eigarskapet. Kommunen har som eigar behov for å ta ein regelmessig gjennomgang av eigarskapet, sjå på formålet med å eige og korleis dette eigarskapet skal utøvast i dei ulike selskapa. Kommunen har eit kontroll- og tilsynsansvar ovafor sine eigarinteresser. I kommunelova kapittel 23 er kontrollutvalet si rolle i den samanheng lovfesta.

Kommunen har fleire utfordringar i si aktive eigarstyring. Mellom anna har kommunen fleire administrative politiske nivå og utval. Kommunestyret er likevel øvste organ og formell eigar. Kommunestyret må vedta delegasjon for å utøve sitt eigarskap. Nokon må få eit mandat og utøve eigarskapet i samsvar med kommunestyret sin overordna intensjon og forventning. Kommunestyret si viljeserklæring om bestemte eigarforhold, vil ofte vere nedfelt i eit vedtak og i vedtekter i dei ulike eigarsamanslutningane.

Ulike politiske syn kan gje usemje om korleis ressursar, eigendomar og samarbeid skal nyttast. Endringar i det politiske landskapet er ein del av demokratiet. Samstundes vil dei langsiktige måla ofte vere likelydande – *til beste for innbyggjarane*. Politikken ligg i første rekke i avgjerda om ein skal eige eller ikkje, delta eller ikkje i eit samarbeid eller selskap. Bevisstgjerjing kring eigarskap og eigarrolla vil styrke kommunen si evne til å levere tenester og fellesgoder på ein ryddig, effektiv og kvalitativ måte.

Når ein først eig, vil mykje av forvaltninga av eigarskapet vere retta mot dei organisatoriske, administrative og fagleg utfordringane. Men det er og naturleg at eigar, gjennom dei folkevalde, tek stilling til viktige strategiske spørsmål som til dømes endring av formål, utvida/innskrenka økonomiske rammer og endring av eigarstrukturen. For at politikarane skal kunne utøve si eigarrolle, er dei avhengige av informasjon, opplæring og rapportering frå administrasjonen. Derfor er eigarskapsmeldinga så viktig.

3.2 Motiv for å opprette selskap/føretak

Der private eigarar vil ha økonomisk utbyte som hovudmål for sitt selskap, kan det offentlege ha andre mål. Motiv og mål med eit selskap får fylgjer for korleis eigarstyringa blir innretta. Formålet er ikkje statisk og kan endre seg over tid. Etablering av fristilte selskap betyr at tradisjonell lokalpolitisk styring gjennom folkevalde organ vert erstatta med indirekte form for styring.

I denne eigarskapsmeldinga legg kommunen til grunn at når det vert etablert eit føretak eller når kommunen går inn som medeigar eller deltakar saman med andre, er det for at kommunen skal oppnå bestemte mål. Eigarskapet kan grovt sett bli delt inn etter om det er finansielt eller politisk motivert. Hovudgrunnen er eit ynskje om auka effektivitet, men også å løyse konkrete politiske eller

faglege utfordringar. Å danne eit selskap kan eksempelvis auke kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Fleire kommunar har i sine eigarskapsmeldingar gruppert selskapa etter fem kategoriar for motiv for eigarskap. Desse er også omtalt og gjengjeve i boka «Kommunalt eierskap – roller, styring og strategi» (Resch-Knudsen, 2011). Grunnlaget for kategoriseringa er formålsparagrafen i selskapsavtalen eller vedtektene (formål) og intensjonar ved etableringa av selskapet (mål). Det er ikkje uvanleg at det kan vere fleire motiv bak etablering av eit selskap. Dei fem motiveringane er:

1. Finansielt motivert

Eigarskapet sitt hovudformål er å oppnå økonomiske resultat som inneber at eigar ikkje har ein kortsiktig horisont på sitt eigarskap eller ynskjer å selge aksjane i selskapet. Finansielt formål er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og der bedriftsøkonomiske kriterier for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid. Eigarskap med eit finansielt motiv vil ofte innebere ein økonomisk risiko.

2. Politisk motivert

Selskapsdanningar der motivet og den viktigaste grunngevinga for eigarskapet er eit strategiske val om å posisjonere kommunen/regionen, er politisk motivert. Då er verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande grunngeving for eigarskapet.

3. Effektivisering av tenesteproduksjon

Oppretting av selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med at fellesløysingar bidreg til meir effektiv tenesteproduksjon enn om ein yter tenesta sjølv. Sentralt her er å oppnå fleire tenester for dei midla som er til disposisjon og betre forvaltning av midlar.

4. Samfunnsøkonomisk motivert

Oppretting av selskap som er motivert og grunngeve med at kommunen gjennom selskapet vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomiske resultat eller betre gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysing vil stå sentralt i grunngevinga for denne kategorien.

5. Regionalpolitisk posisjonering

Dette er oppretting av selskap som er motivert og grunngeve med at det styrker regionen sine moglegheter og posisjon til å gjennomføre oppgåver i forhold til andre regionar og nasjonale aktørar. Har kan også posisjonering for å utløyse statlege midlar/prioriteringar vere ein del av grunngevinga.

Tabellen under viser korleis ulike alternative eigarmålsettingar avgjer kva som bli verksemda sine målsettingar og prioriteringar.

Eigarmålsettingar	Målsettingar til verksemda
Maksimalt utbyte	Effektiv drift
Sikkert utbyte	Risikospreiing
Sysselsetting	Antal tilsette
Regional næringsutvikling	Etablere ny verksemd
Utøving av mynde	Forsvarlege økonomiske rammer
Ingen definert målsetting	Leiinga sine eigendefinerte mål

Retningsgjevande krav for Ål kommune sine eigarskap og krav til selskap.

Krav/forventning til <u>kommunen</u> som eigar (kap. 9 i kommunelova)	Krav og forventning til <u>selskap/føretak</u> (kap. 9 i kommunelova)
<ul style="list-style-type: none"> • Sikre tilstrekkeleg og god utgreiing før eigarskap vert vedteke eller dersom det er vedtak om at eigendelar skal selgast eller oppløysast. • Utarbeide tydelege og korrekte vedtekter og eigarstrategi. • Etablere kompetent og ansvarleg styre med gjennomtenkt og god samansetting. • Avklare habilitet for alle tilsette og styret. • Sende ut møteinnkalling og saker i god tid. • Sikre open dialog og informasjon om val til styre, leiar i styret og godtgjering. Tilsvarande til representantskap/generalforsamling. • Utarbeide vedtekter som gjev styret klare retningslinjer. • Kommunen skal fremje sine eigar-interesser og spørsmål gjennom dei formelle organ (representantskap/generalforsamling). 	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre god og tidsriktig kommunikasjon og informasjon til styret og eigar(ar) ved m.a. klare rapporteringsrutinar. • Sikre at godtgjering og løn er i samsvar med ansvar, kompetanse og måloppfylling. • Sikre at alle relevante lovar og forskrifter vert etterlevd. • Drive etter sunne bedriftsøkonomiske prinsipp. Vere bevisst sitt samfunnsansvar. • Sikre likebehandling av eigarar. • Sikre finansiering i samsvar med formål. • Vere open og tilgjengeleg så langt råd er. • Legge fram større saker til avgjerd i eigar-møte. • Sikre oppdaterte planar for drifta. • Halde fristar. • Vere bevisst på å utvikle god bedriftskultur med gode haldingar og verdier. • Være bevisst på etiske problemstillingar og omdøme. • Halde fokus på mål og kvalitet i produksjon. • Ha kunnskap om policy og retningslinene som gjeld i eigarkommunane.

3.3 Kommunen som eigar – roller og rolleforståing

Kommunen har ulike roller som inneber forming av politikk, utøving av mynde, som bestillar og som eigar. Det er viktig at kommunen er tydeleg på kva for ei rolle den har i ulike situasjonar. Når det gjeld eigarrolla, er det spesielt viktig at kommunen utøver sitt eigarskap gjennom formelle eigarkanalar og at utøving av eigarskapet er politisk forankra. Folkevalde, kommunen sine representantar i eigarorgana, samt kommunen sine andre tilsette, må vere seg bevisst dei ulike rollene slik at kommunen opptre ryddig og opprettheld god tillit.

Kommunestyret sin rolle som eigar

Rolla som eigar vert ivareteke av kommunestyret. Kommunestyret er ansvarleg for at verdiane vert forvalta av dei ulike selskapa til beste for kommunen sine innbyggjarar. Kommunestyret skal fastsette

rammene for kommunen sitt eigarskap, også formålet med eigarskapet. Kommunestyret kan delegere mynde innanfor visse grenser, definert av kommunelova. Delegert mynde skal utøvast innanfor vedtekne rammer, samt andre føringar fastsett av kommunestyret. Delegeringsreglement gir oversikt over kva for saker som kommunestyret avgjer og kva for saker der vedtaksmynde er delegert frå kommunestyret til anna politisk utval eller til administrasjonen. Saker av stor prinsipiell og politisk betydning, skal opp i kommunestyret.

Eigarrepresentantar i operative eigarorgan

Ordførar har mynde i fylgje kommunelova til å ivareta kommunen sine eigarskap der ikkje andre representantar er valde, og til å delegere mynde vidare til andre. Uavhengig av kven som representerer eigar i eigarorganet, bør eventuelle prinsipielle drøftingar bli tekne i kommunestyret i forkant av møte i dei operative eigarorgana. Det er opp til kommunestyret å ta stilling til kor mykje som skal vere forankra eller drøfta i kommunestyret i forkant av behandling i det operative eigarorganet, og om kommunestyret vil instruere representantane. Den enkelte representant har eit sjølvstendig ansvar for å hente inn tilstrekkeleg informasjon for å kunne utøve si rolle som eigarrepresentant for kommunen i det aktuelle selskapet.

Rådmannen si rolle

Som kommunen sin øvste administrative leiar har rådmannen ansvar for forsvarleg utgreiing av alle saker som skal til politisk behandling, jf. kommunelova § 23 nr. 2. Dette vil også gjelde for eigarskaps-saker og vertskommunesamarbeid. Han bistår ordføraren i den løpande oppfølginga av selskapa og er med i førebuing til møter i eigarorgana og eigarmøter. Rådmannen har ei rolle i samband med utarbeiding av strategiar for selskapa og kan delta i eigarmøte mv når dette er hensiktsmessig. Han skal sette i verk den eigarpolitikken som kommunestyret vedtek.

Folkevalde som styremedlemmer

Rolla som styremedlem er ulik frå rolla som folkevald. Matrisa under viser forskjellen på representasjonsrolla som medlem av kommunestyret og eit selskapsstyre.

Kommunestyret	Selskapet sitt styre
Folkevald	Politisk foreslått til representantskap som vel styre
Heile kommunen	Selskapet
Partipolitikk/ideologi	Selskapet sine interesser
Alle innbyggjarane	Kundar/brukarar
Fordeling	Verdiskaping
Samfunnsutvikling	Selskapsutvikling
Kommunen sin administrasjon	Selskapet si leiing
Offentleg verv	Privat verv

3.4 Sentrale spørsmål å stille i eigarskapsvurderinga

Kommunen må kontinuerleg evaluere eigarskapet sitt uavhengig av dei politiske tilhøva i kommunen. Vesentlege endringar i forhold som påverkar verdiane (illustrert i figurane nedanfor) kan resultere i at kommunen må endre sin eigarstrategi. Dersom marknaden bidreg til å utsette kommunen sine verksemder for vesentleg økonomisk risiko, og dersom andre aktørar kan produsere dei aktuelle varer eller tenester på ein betre og rimelegare måte enn det kommunen sine selskap kan, bør kommunen spørje seg sjølv om ein skal kvitte seg med selskapet. Kommunen må utnytte sine ressursar på best mogeleg måte med best mogeleg måloppnåing. Drifta må vere berekraftig.

Kommunen bør ikkje berre vurdere eigarskap i relasjon til eigne behov, men også i forhold til dei behov selskapa vil ha i konkurranse med andre marknadsaktørar. Relevante spørsmål å stille vil vere


om kommunen kan bidra med nødvendig handlingsrom, kompetanse og kapital slik at selskapa får dei same rammevilkår og mogelegheiter til å utvikle seg som andre marknadsaktørar.

Viktige spørsmål å stille seg når det gjeld interkommunale selskap og samarbeid:

- Kva for mål skal ein ha for samarbeidet på kort og lengre sikt?
- Kva for rapportering skal finne stad til deltakarkommunane – Kommunestyret?
- I kva for grad ynskjer ein politisk styring og i kva for grad blir Ål kommune sin reelle styring ivareteke?
- Korleis skal ein evaluere samarbeidet og kva blir konsekvensane om ein ikkje innfrir måla?


Viktige spørsmål å stille seg når det gjeld aksjeselskap og kommunale føretak:

- Kva skal vere måla for selskapet på kort og lengre sikt?
- I kva for grad ynskjer ein politisk styring, i kva for grad kan ein utøve aktivt eigarskap og i kva for grad blir Ål kommune sin reelle styring ivareteke?
- I kva for grad vil kommunen ta på seg økonomisk ansvar overfor selskapet?
- Kva for risiko når det gjeld økonomi, marknad, miljø og samfunnsikkerheit, kvalitet og kvantitet tek kommunen på seg og kva betyr dette for sluttbrukar og innbyggjar?
- I kva for grad skal selskapet få økonomisk fridom og styre ressursar sjølv?
- I kva for grad vil ein kunne gjere om på eigarforholdet i ettertid?
- I kva for grad skal selskapet vere underlagt forvaltningslov og offentlegheitslov?
- Kva for skatte- og avgiftsmessige forhold skal styrast etter?
- I kva for grad skal reglar for offentlege innkjøp gjelde?
- Kva for arbeidsgjevarepolitikk skal selskapet styrast etter?
- I kva for grad skal selskapet kunne ta på seg ytterlegare forpliktingar som låneopptak, aksjekjøp i andre selskap og tilsvarande?
- I kva for grad skal ein utøve kontroll og tilsyn med selskapet?
- Kva for rapportering er hensiktsmessig til eigar?
- Kva for rapportering skal finne stad til kommunestyret og i kva grad skal denne vere offentleg?
- Korleis skal ein evaluere selskapet og kva blir konsekvensane om selskapet ikkje innfrir måla?



Figur 1 Kjede: Eierskapsmelding Hol kommune 2022

Ein grunnleggande forutsetning for ei aktiv eigarstyring er at det vert formulert ein klar og presis eigarstrategi for kvart einskild selskap. Der beskriv kommunen kva den vil oppnå som eigar. Strategien bør starte med ei kort beskriving av den historiske bakgrunnen for eigarinteressa og utviklinga dei seinare åra.




Figur 2 Kjelde: Eierskapsmelding Hol kommune 2022

Slike kriterier som bør vurderast kan til dømes vere kor stor kapitalbindinga skal vere, oppfølgings- og investeringsbehov, omstillingsbehov og risiko, samfunnsmessig nytte og lønsemda i dag og på sikt.

3.5 Lovfesta modellar for kommunal selskapsdanning og samarbeid mellom kommunar

Interkommunalt samarbeid organisert etter kommunelova av 1992 § 27 må vere omdanna til ein lovleg samarbeidsmodell innan fire år etter at kap. 18 og 19 kom i kraft. Samarbeid skal sjåast på som oppløyst dersom det ikkje er omdanna innan fristen. Det er kommunestyrene i deltakarkommunane som sjølv må treffe vedtak om omdanning til ny selskapsform og vedta ny samarbeidsavtale (eller selskapsavtale om ein vel omdanning til IKS).



Figur 3 Kjelde: KS Folkevalgprogrammet 2019-2023 «Anbefalinger om eierskap...»

3.5.1 Kommunale føretak (KF) (kommunelova kapittel 9)

Eit kommunalt føretak (KF) er utforma med sikte på organisering av meir forretningsprega verksemd og skal registrerast i Foretaksregisteret. Organisasjonsforma vil ikkje passe for verksemdar der innslag av offentleg myndeutøving er framstående. Organisasjonsforma nyttast som regel når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal ivaretakast. Det er ikkje avgrensingar på oppgåver som kan leggest inn i ei slik organisering. Typisk er at KF har oppgåver noko på sida av den tradisjonelle kommunale forvaltninga og tenesteytinga. Organiseringa kan gje ei meir sjølvstendig drift og mindre byråkrati. Eit KF følgjer kommunale prinsipp for rekneskapsføring og er ikkje ei sjølvstendig juridisk eining, men altså ein utskilt del av kommunen der kommunelova er gjeldande. Eit døme på dette er Ål Kraftverk KF. Føretaket bør, viss ikkje anna er nedfelt i vedtektene, fylgje dei reglar, rutinar og den policy som ligg til kommunen elles. Kommunestyret delegerer dei fleste saker og det løpande driftsansvaret til eit styre, som igjen utpeikar ein dagleg leiar.

Styrande organ

Føretaket skal leiast av eit styre med alminneleg mynde til å treffe avgjerd i saker. Det er og obligatorisk med dagleg leiar. Dersom ikkje kommunestyret har delegert til anna organ å velje styre, er det kommunestyret sjølv som vel styremedlemene, jf. kap. 9. Styret har eit overordna ansvar for organisering av føretaket si verksemd. Leiaransvaret gjeld ikkje berre den forretningsmessige delen av verksemda, men forvaltninga av alle verdiar og oppgåver kommunen har lagt til føretaket. Kommunestyret er øvste organ.

Arbeidsgjevaransvar

Etter ny kommunelov er det rådmannen som har det overordna ansvar for dei tilsette i føretaket. Kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk legg føringar for det kommunale føretaket. Dette gjeld til dømes seniorpolitikk, likestilling, tariffområde, etiske retningslinjer og kompetanseutvikling.

Økonomisk ansvar og risiko

Føretaket er ein del av kommunen og ligg under kommunestyret sin budsjettmynde. Kommunen sitt budsjett set rammer og føringar for føretaket og styret er bunde av dette. Alle forpliktingar er kommunen sine forpliktingar og kommunen er juridisk kontraktpart i dei avtalar føretaket inngår.

3.5.2 Vertskommunesamarbeid (kommunelova kap. 20)

Ein kommune (samarbeidskommune) kan gjere avtale med ein annan kommune (vertskommune) om at vertskommunen skal utføre oppgåver og treffe avgjerder etter delegert mynde frå samarbeidskommunen i enkeltsaker eller ymse saker som ikkje er av prinsipiell art. Det brukast gjerne når kommunar vil samarbeide om lovpålagte oppgåver som td. barnevern, PPT og skatt. Ein administrativ vertskommunemodell inneber at det einskilde kommunestyret gir instruks til sin rådmann om delegering til rådmann i vertskommunen. I praksis vil då eininga fungere som andre einingar i vertskommunen med rådmann og rådmannen sin stab som øvste leiarar. Eit vertskommunesamarbeid kan også avtale å opprette ei felles folkevald nemnd. I motsetning til den administrative modellen, vil ei slik nemnd også kunne gjere vedtak i saker av prinsipiell art.

Styrande organ

Rådmannen i vertskommunen er øvste leiar i eit administrativt verskommunesamarbeid. Felles folkevalde nemnd er øvste organ i samarbeid der slik nemnd er oppretta. For begge desse formene

for samarbeid gjeld at samarbeidskommunen kan gje vertskommunen instruks om utøving av mynde i saker som berre gjeld samarbeidskommunen eller innbyggjarar der. Slik instruks vert gitt eller delegert frå kommunestyret.

Eit vertskommunesamarbeid er ikkje eit eige rettssubjekt. Føretaket er rettsleg og økonomisk ein integrert del av vertskommunen og har ikkje eige rekneskap. Vertskommunen har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Dømer på dette er Hallingdal Barnevern og Felleskontoret for kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning (KAV Hallingdal).

3.5.3 Interkommunale selskap (IKS) (kommunelova §17)

Det kan vere fleire motiv for å gå inn i eit interkommunalt selskap. Eit sentralt argument for mindre og mellomstore kommunar kan vere å få tilgang til nødvendig kompetanse. Meir kostnadseffektiv tenesteproduksjon og oppgåveløysing ved å samarbeide, eller endringar i ramme/lovverk og regionalpolitisk omsyn kan også stå sentralt. (Ref. § 17-1 Interkommunalt samarbeid.) Slik organisering ber som regel preg av at typiske kommunale oppgåver blir flytta frå etat og avdelingsnivå internt i ein kommune til ein samarbeidsorganisasjon med fleire kommunar. Slike føretak har som regel eit styre med medlemmer frå dei ulike eigarkommunane, representantskapet, som representerer eigarane etter delegasjon frå kommunestyra. Dømer på dette er Hallingdal Renovasjon IKS og Hallingdal Brann og Redning IKS.

I somme høve blir styringa delegert til vertskommunen og dei rutinar som ligg der. Interkommunale selskap er sjølvstendige rettssubjekt og må fylgje lov om IKS av 29 jan.1999 nr.6. Selskapet svarer sjølve for plikt og rettar. Den einskilde kommune må overføre mynde til det interkommunale selskapet når oppgåver og tenester skal løysast i ei slik organisering. Særlovgeving kan sette grenser for overføring av mynde og forvaltning.

Styrande organ

Deltakarkommunane sin eigarmynde utøvast av eit representantskap. Det inneber at den einskilde kommune ikkje kan utøve eigarmynde mot selskapet sitt styre eller administrasjon. Kvar deltakarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapet. Eigarane kan gjennom representantskapet gjere vedtak som bind styret og det kan og gjera om vedtak som styret har gjort.



Figur 4

Viktige oppgåver som ligg til eigarane, og som i stor grad er lovfesta, gjeld mellom anna fastsetting av budsjett, økonomiplan, rekneskap og val av revisor. Større kjøp og sal, og andre strategiske handlingar som har stor påverknad på selskapet eller eigarkommunane, må og ha vedtak frå øvste organ. Frå lova fylgjer krav om selskapsavtale (vedtekter) og innhaldet i denne.

Eit interkommunalt selskap skal ha eit styre og ein dagleg leiar som står ansvarleg for forvaltning av verksemda. Det høyrer under styret å forvalte selskapet på vegne av deltakarkommunane. Styret har ansvar for at verdiar og ressursar som deltakarane har i selskapet nyttast forsvarleg og i samsvar med formålet for selskapet. I forvaltning av selskapet ligg styret under representantskapet, og det må fylgje vedtak og retningsliner som dette fastsett. Styret sin forvaltningsmynde må vidare utøvast innanfor ramma av selskapsavtala og selskapet sitt årsbudsjett.

Arbeidsgjevaransvar

Dagleg leiar vert tilsett av styret om ikkje det går fram av vedtektene at representantskapet gjer dette. Tilsette har selskapet som sin arbeidsgjevar, med dagleg leiar som øvste administrative leiar. Arbeidsgjevarpolitisk strategi for selskapet ligg til styret om ikkje anna er bestemt i selskapsavtala. Lov om interkommunale selskap har krav til tilsette sin representasjon i styret.

Økonomisk ansvar og risiko

Eit kjenneteikn ved interkommunale selskap, er at kvar deltakar har eit uavgrensa ansvar for deira brøk av dei samla pliktene. Dette skil dei interkommunale selskapa frå t.d. aksjeselskap, kor deltakaransvaret er avgrensa. Gjennom selskapsavtala kan ansvaret skeivfordelast på eigarane. Representantskapet sitt budsjettvedtak i eit IKS er ikkje endeleg før deltakarkommunane har avslutta si økonomiplanhandsaming med vedtak.

3.5.4 Kommunalt oppgåvefellesskap (kommunelova kap. 19)

Dette er ei samarbeidsform som erstattar tidlegare § 27 i kommunelova om interkommunalt samarbeid. To eller fleire kommunar kan saman opprette eit kommunalt oppgåvefellesskap for å løyse felles oppgåver. Kommunestyra vedtek sjølv å opprette eit oppgåvefellesskap. Det skal da inngåast ei skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet. Eit oppgåvefellesskap kan ikkje bli gitt mynde til å treffe enkeltvedtak. Oppgåvefellesskapet kan likevel bli gitt mynde til å treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.

Oppgåvefellesskapet sitt namn skal innehalde orda *kommunalt oppgåvefellesskap*. Den enkelte deltakar i eit kommunalt oppgåvefellesskap har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av oppgåvefellesskapet sine forpliktingar. Til saman skal delane utgjere oppgåvefellesskapet sine samla forpliktingar. Ein deltakar som trer ut av oppgåvefellesskapet, har økonomisk ansvar for sin del av dei forpliktingane oppgåvefellesskapet har på det tidspunktet deltakaren trer ut. Det same gjeld dersom oppgåvefellesskapet blir oppløyst.

Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap. Samtlege deltakarar skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet. Kvart kommunestyre vel sjølv sine medlemmer og minst like mange varamedlemmer. Dersom ikkje anna er fastsett i samarbeidsavtala, vel representantskapet sjølv si leiar og nestleiar. Dagleg leiar i oppgåvefellesskapet kan ikkje vere medlem av representantskapet. Representantskapet sine medlemmer og varamedlemmer vert valde for fire år dersom ikkje noko anna er fastsett i samarbeidsavtala. Representantskapet kan sjølv opprette andre organ til styring av oppgåvefellesskapet som i praksis betyr å opprette eit styre.

3.5.5 Interkommunalt politisk råd (kommunelova kap. 18)

For det som tidlegare vart kalla regionråd, vil det i all hovudsak gjelde dei same reglane som for kommunale oppgåvefelleskap. Alle deltakarkommunane må vere representert i det øvste eigarorganet, representantskapet, i eit interkommunalt politisk råd.

Kommunestyret oppnemner sjølv medlemmer og varamedlemmer til representantskapet. Det er krav til å ha ei skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i det politiske rådet. Deltakarkommunane vil ha ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av forpliktingane til oppgåvefelleskapet, - det same som for IKS.

I samarbeidsavtale må det stå om oppgåvefelleskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt, kva oppgåver og mynde fellesskapet skal ha og eigardelen til den einskilde deltakar, innskotsplikt og reglar for å gå ut og oppløysing av fellesskapet

3.5.6 Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap vert gjerne brukt i samband med regional utvikling og i samband med større, langsiktige prosjekt. Ei slik selskapsform er vanleg i næringslivet og er tilpassa økonomisk risiko, fleire eigarar og resultatmåling etter finansielle rekneskapsprinsipp. I dette ligg mellom anna at eigarane ikkje har plikter og ansvar utover innskoten kapital. Vidju Holding AS og Ål Utvikling AS er dømer på slik selskapsform.



Figur 5

Samferdsel, energi og næringsutvikling er vanlege driftsområder og gjerne med meir forretningsorientert formål. Aksjeselskap fylgjer aksjelova og er eit sjølvstendig rettssubjekt. Ein aksjonær har ulike rettar og handlefridom ut frå storleiken på eigarprosenten. Aksjelova set krav om eit visst fleirtal og ein viss eigarbrøk for å kunne treffe avgjerd og vedtak i viktige saker. Til dømes kan ein aksjonær som eig over 90 %, tvangsutløyse andre aksjonærar. For å endre vedtekter i selskapet, må ein ha minst 2/3 av stemmene (aksjane), noko som inneber at ein aksjeeigar med meir enn 1/3 av stemmene kan ha ein viss kontroll (negativt fleirtal).

Styrande organ

Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste organ og eigarane utøver sin mynde gjennom denne. Kommunestyret vel representant til generalforsamlinga. Ofte blir dette ordførar som då representerer fleirtalet i kommunestyret (jf. kommunelova § 9). Aksjonæravtalar nyttast ofte for å regulere forholda mellom aksjonærane. Dette gjeld td. stemmerett, fordeling av styrelassar, innsynsrett, innskot og forkjøpsrett. Styret har det overordna ansvar for forvaltning av selskapet og tilset som regel ein dagleg leiar for å styre selskapet etter dei planar, retningslinjer og prinsipp styret har fastsett.

Arbeidsgjevaransvar

Dagleg leiar vert tilsett av styret om ikkje anna vert bestemt på generalforsamling. Tilsette har selskapet som sin arbeidsgjevar, med dagleg leiar som øvste administrative leiar. Dagleg leiar har styret og styret sin formann som sin næraste overordna. Arbeidsgjevarpolitisk strategi for selskapet ligg til styret og blir praktisert av dagleg leiar. Ynskjer kommunestyret at visse reglar skal gjelde, t.d. når det gjeld godtgjering til tilsette i selskapet, bør dette gjerast gjennom formaning til styret på generalforsamlinga, evt. gjennom byte av styreleiar.

Økonomisk ansvar, interesse og risiko

Ein fordel med aksjeselskap er at den økonomiske risikoen er avgrensa til innskoten kapital. I dag er minimum aksjekapital ved oppstart sett til kr. 30 000. Styret kan foreslå utdeling av midlar gjennom reglane for utbytte i aksjelova. Utbyttet må ha vedtak frå generalforsamlinga. Eit aksjeselskap har revisjonsplikt dersom driftsinntektene er over 6 millionar kroner, eller balansen viser eigendelar over 23 millionar, eller gjennomsnittleg antal tilsette er over 10 årsverk.


3.5.7 Stiftingar

Stiftingar er regulert i stiftelsesloven av 15. juni 2001. Ei stifting skil seg frå de andre selskapsformene ved at den ikkje har nokon eigar eller deltakarar. Stiftinga er sjølveigande. Når stiftinga først er oppretta har stiftarane ikkje lenger rådvælde over formueverdien som er overført stiftelsen.

Stiftingar er egne rettssubjekt og vert leie av eit styre og dagleg leiar. Vedtektene kan gi kommunen høve til å utnemne styremedlemmer. Ei stifting har ikkje noko økonomisk ansvar eller risiko og vert gjerne brukt nå ein eller fleire kommunar har ein formueverdi som skal disponerast til eit konkret formål.

Stiftingar har eit eige tilsyn som kontrollerer at verksemda går føre seg i tråd med formålet. Det gjeld spesielt utdelingar av midlar.

3.6 Forvaltning, rollar og køyrereglar



Figur 6 Kjelde: NKRF «Hva kjennetegner god eierstyring? (2021)

Oppgåver og forvaltning som er skilt ut i egne føretak og selskap, vil som regel ha eit styre der medlemmene kan vere aktive partimedlemmer, prepresentantar frå administrasjonen og/eller eksterne, såkalla «profesjonelle». I tillegg er det eit representantskap/generalforsamling der eigarane gjennom dei folkevalde er representert.

Forvaltninga av eigeidom og samarbeidsstrukturar som ligg innanfor kommunen sine ordinære organisasjonsgrensar, skjer gjennom den einingsleiar som har budsjettansvaret for det aktuelle området. Rådmann og rådmannsteam har den overordna styringsrolla. I begge tilfelle er kommunestyret den formelle eigar, og dei må difor ha tilbakemelding gjennom tertialrapportering og årsmelding. Slike rutinar er innarbeidd i kommunen sitt årshjul.

Ofta har slike selskap faste årlege transaksjonar mellom eigar og selskap. Avdelingsleiar og /eller kommunalsjef/rådmann vil då ha ansvaret for slike pengetransaksjonar i budsjett og rekneskap. Ei vanleg prosedyre for utbetaling, er å utbetale budsjettet a-konto over året og gjere endeleg avrekning påfølgande år.


Når det er fleire eigarar, er det viktig at budsjett og rekneskap blir vedteke i samråd med dei andre eigarinteressene. Denne koordineringsoppgåva ligg til deltakare i representantskapet, ofte ordførar. Kommunen og kommunestyret kan vere ein aktiv eigar med klare styringssignalar sjølv om tenester vert sett ut i andre organisasjonar. Nøkkelen til dette ligg i hovudsak i ei god rolleforståing og klare linjer mellom utøvande politikk (kommunestyret), utøvande eigarskap (representantskap) og utøvande leiarskap og drift (styret og dagleg leiar).

I korte trekk inneber dette:

Dei politiske diskusjonane skal takast i kommunestyret der heilskapen i både tenester og økonomiske rammer må vurderast. Kommunestyret kan sjølv opprette utval for delar av den kommunale verksemda, ref. § 5-7 *Utvalg*. I kommentarane til § 5-7 heiter det: «*Utvalgene som kan opprettes etter denne paragrafen er mer eller mindre spesialiserte politiske organer som både kan være tillagt*

innstillende myndighet, og som (etter delegering) opptrer som kommunestyrets forlengende arm når det gjelder å treffe vedtak på forskjellige områder.»..

- Det må vere tillit og kommunikasjon mellom kommunestyret og representantar i eigarorganet (generalforsamling/representantskap). Representantane skal ivareta kommunen sine interesser med delegert mynde og skal avklare saker av stor prinsipiell interesse i forkant av møte. Kommunestyret sitt fleirtal kan gje instruks om stemmegjeving.
- Endringar i selskaps/samarbeidets vedtekter skal handsamast i kommunestyret.
- Styra skal ha fokus på selskapet og treffe avgjerd ut frå det som gagnar selskapet si drift og utvikling (rettesnor er vedtektene).



Figur 7

3.7 Litt om styret si rolle



Styret si rolle i eit selskap er både utøvande og strategisk, og ofte vil styret legge premissane for selskapet sin suksess. For å sikre ei optimal samansetting av eit styre, bør eigarane (kommunestyra) ikkje berre nytte den «politiske kjøttvekta». Som kommunestyremedlem og samtidig styremedlem i eit selskap, må ein også vere bevisst si dobbeltrolle, og kva for ein hatt ein skal ta på seg.

Demokratisk kompetanse og interesse for politiske prosessar er viktig for eit kvart styre, men ein bør i tillegg sikre at anna relevant kompetanse og faginteresse vert representert. Utgangspunktet er at alle kan veljast – ikkje berre folkevalde.

Val av styrerepresentantar er ei viktigare oppgåve no enn nokon gong tidlegare. Stadig fleir tenester og oppgåver blir løyst eller kjøpt frå selskap og samarbeid på utsida av den tradisjonelle kommune-

organisasjonen. For dagleg leiar og administrasjonen i eit selskap vil eit godt, ryddig og konstruktivt styre vere avgjerande.

Eigarane må vere opne og tydelege på kva som gjeld av godtgjering innanfor dei ulike rollane. Når det gjeld styrehonorar, bør dette fastsettast ut frå kompetanse, ansvar og konkurransemessige forhold.

Det er hundrevis av bøker og meiningar om kva som ligg i *godt styrearbeid*. Nøkkelord kan vere klokskap, systematikk, metodar, kompetanse og handlekraft.

3.8 Retningslinjer for eigarskap, leiing og kontroll av selskap


KS har utarbeidd 21 råd om kommunal eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. Ål kommune sine retningslinjer tek utgangspunkt i desse råda og gjer ein framlegg om fylgjande prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal ligge til grunn for Ål kommune sin eigarskapspolitikk. Ål kommune si oppfølging av råda frå KS er lista opp i tabellen nedanfor. Ved endring i kommunelova om rådmannen sitt arbeidsgjevaransvar for tilsette i kommunale føretak, er punkt 20 teke ut.

Nr.	Kommunen si oppfølging
1	Ål kommune skal gjennomføre opplæring i eigarstyring i samband med den obligatoriske folkevaldopplæringa etter kvart kommunestyreval.
2	Ved spørsmål om oppretting av selskap eller endring av selskapsform skal Ål kommune leggje vekt på fylgjande vurdering: <ul style="list-style-type: none">• Moglegheit for politisk styring• Økonomisk ansvar og risiko for kommunen• Selskapet sin fridom og fleksibilitet• Juridisk status
3	For selskap som både driv monopol- og konkurranseverksemd, skal Ål kommune ha ei særskilt vurdering av selskapsorganiseringa.
4	Ål kommune si eigarskapsmelding skal oppdaterast av kommunestyret annakvart år og takast opp til grundig revidering ein gong i kvar valperiode.
5	Ål kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap. Målet med eigarskapet skal vere tydeleg, og gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Samfunnsansvar, openheit, likestilling og etikk må vurderast.
6	I saker til generalforsamlinga der det er krav om eller ynskje om ei politisk avklaring, skal kommunen fylgje sine forvaltingsreglar for saksførebuing og saksutsending så langt det er mogleg.
7	Ordføraren er Ål kommune sin eigarrepresentant i generalforsamlingar i aksjeselskap. Varaordføraren kan møte for ordføraren. I selskap der Ål kommunen eig 30 % eller meir av aksjane, skal kommunen alltid vere representert under generalforsamlingar. Ordføraren vurderer sjølv behovet for å vere til stades i selskap kor kommunen har mindre eigardel. I andre saker enn ordinære generalforsamlingssaker etter aksjelova, skal ordføraren innhente mandat frå kommunestyret eller formannskapet, jfr. pkt. 6.
8	Ål kommune sine eigarrepresentantar skal ivareta kommunen sine interesser gjennom aktiv deltaking i selskapa sine eigarorgan. Eigarrepresentantane pliktar å avklare kommunen sitt syn i prinsipielt viktige saker før møte i selskapa sine eigarorgan, dvs. i samsvar med eigarstrategi som er vedteke i eigarskapsmeldinga.

	Eigarrepresentantane skal rapportere tilbake til eigar v/formannskapet eller kommunestyret og protokollar frå møte i eigarorgana er referatsaker i kommunestyret.
9	Den samla kompetansen i styret skal vurderast i forhold til selskapet sitt spesifikke formål. Eit styre skal både ha den nødvendige kompetanse til å fylgje opp eigarane sine forventningar, ha generell leiingskompetanse og kompetanse innan selskapet sine virkeområder.
10	I Ål kommune ivaretek ordføraren, i samråd med formannskapet, vervet som valkomité for utnemning av representantar til ulike styre. Nødvendige kriterier for styret sin totale kompetanse må avklarast i forkant.
11	Uavhengig av selskapsform vil Ål kommune arbeide for lik kjønnsrepresentasjon i ulike styre. Dette gjeld også for selskapa sine dotterselskap.
12	Styreleiar har hovudansvar for å sikre at styrearbeidet fungerer godt, og at styret sin kompetanse blir utvikla gjennom årleg styreevaluering. Før valkomitéen fremjar si innstilling, skal kompetansebehovet vere drøfta med styreleiar.
13	Ved konsernorganisering bør dotterselskap til vanleg ha andre styremedlemmer enn morselskapet.
14	Ål kommune skal som hovudregel ha ordningar med numerisk val av vararepresentantar.
15	Når det er aktuelt å velje leiande politikarar inn i eit selskapsstyre, skal det gjerast ei særskilt vurdering av kva for habilitetsproblem som kan oppstå. Ordførar og rådmann bør som hovudregel ikkje sitte i styre.
16	Kommunestyret bør ta ein prinsipiell diskusjon i samband med eigarskapsmeldinga om godtgjering av styreverv. Den faste godtgjersla til styremedlemmer skal reflektere både selskapet sin kompleksitet og omfang og nivået på løns- og godtgjersler generelt i Ål kommune.
17	Alle som påtek seg styreverv for kommunale selskap, bør registrere verva på www.styrevervregisteret.no .
18	For selskap som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt, skal styret vurdere behovet for å vere medlem i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
19	Ål kommune ynskjer at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift blir forankra i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Styra står ansvarleg for at etiske retningslinjer blir utarbeidd og følgt opp.
21	Kontrollutvalet utarbeider ein årleg plan for gjennomføring av selskapskontroll. Når kontrollutvalet gjennomfører selskapskontroll skal eigarskapsmeldinga vere eit sentralt styringsdokumentet.

3.9 Litt om operasjonell risiko og berekraft

Operasjonell risiko



Kjelde: Dagens Næringsliv 29.11.2022

Operasjonell risiko kan definerast som risikoen for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller systemer, menneskelege feil eller ekstreme hendingar.

Strategisk risiko og om-dømmerisiko må vurderast særskilt.

Det er veldig viktig å handtere desse risikoane for å minimere tap når det oppstår alvorlege truslar for selskapet.

(Kjelde: Finanstilsynet)

Berekraft



Kjelde: (<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>)

Berekraftig utvikling er ei samfunnsutvikling der ein dekkjer dagens forbruksbehov utan å forringe mogelegheitene for komande generasjonar til å få dekket sine (Verdens-kommisjonen, 1987). Dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling er klima/miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Samanhengen mellom desse dimensjonane avgjer om noko er berekraftig. FN har utarbeida 17 berekraftsmål og 169 delmål som skal fungere som ei global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

4. Ål kommune sine eigarinteresser og samarbeid i ulike føretak

Nr.	Namn på føretaket	Føremål	Eigardel/verdi pr. 1.1.2023	Eigarar	Styring/vertskommune	Motiv
Kommunalt føretak (kap. 9)						
1	Ål kraftverk KF (sjå kap. 4.1)	Forvalte Ål sine kraftrettar/kraftverk	Bokført verdi ca. kr. 131 mill.	Ål kommune	Eige styre	Finansielt/samfunnsøkon.
Aksjeselskap						
2	Vardar AS (sjå kap. 4.2)	Investere i selskap i kraftbransjen. Bidra utvikl av alt. energi..	AK er kr. 266 mill. Ål eig for ca. 2,7 mill.	Dei fleste kommunar i Viken.	Eige styre	Samfunnsøkon.
3	Vidju Holding AS (tidl. Hallingdal Kraftnett AS) (sjå kap. 4.3)	Sikker, økonomisk og rasjonell overføring av el-kraft.	AK kr. 200 mill. Ål eig ca. 25 %.	Hallingdals-kommunane	Eige styre	Samfunnsøkon.
4	Ål Utvikling AS (sjå kap. 4.4)	Profilering/næringsutvikling av Ål-samf.	Aksjar verdi kr. 33 000	Ål og ca. 160 aksjonærar	Eige styre	Politisk
5	Vinn Hallingdal AS (sjå kap. 4.5)	Arbeidstilbod og arbeidstrening	Ål eig aksjar for ca. kr. 60'.	Hallingdals-kommunane	Eige styre	Samfunnsøkon.
6	Hardangerviddatunnelene AS	Etablere sikker heilårsveg over H-vidda.	Ål eig aksjar for kr. 5000	Hol, Eidfjord, Ål, Ulvik m.fl.	Eige styre	Politisk
7	Husfliden Hallingdal AS	Produksjon/sal av bunader m.v.	Ål eig aksjar for kr. 2000. (1.6%)	Hallingdals-komm. m.fl.	Eige styre	Politisk
Interkommunale selskap/IKS (kap. 17)						
8	Hallingdal Renovasjon IKS	Avfallshandtering		Hall. komm.	Eige styre	Eff. tenesteprod.
9	Hallingdal brann- og redning IKS (sjå kap. 4.6)	Brann – beredskap ved ulykker		Ål, Gol, Flå, Hemsed., Nes	Ål er vertskommune	Eff. tenesteprod.
10	Viken Opplæringskontor IKS	Organisere fagopplæring m.v..				Eff. tenesteprod.
11	Viken Kommunerevisjon IKS (sjå kap. 4.9)	Revisjonstenester tilsyn m/kommun.	Ål eig andelar for ca. kr. 52'.	Kommunane i Hall./ Valdres	Eige styre	Eff. tenesteprod.
12	Vestviken 110 IKS (Sør-Øst 110 IKS)	Samordna/kostnandseffektiv nød-alarmering m.v.	Ål eig andelar for ca. kr. 31'.	Kommunar i Viken	Eige styre	Eff. tenesteprod.
13	Interkommunalt arkiv for Busk/Vestfold/Telem. IKS	Rasjonell og effektiv arkivering m.v.	Ål har ein liten eigardel		Eige syre	Eff. tenesteprod.
Vertskommunesamarbeid (kap. 20)						
14	IKT Hallingdal (sjå kap. 4.10)	Felles IKT-løysingar		Hall. komm.	Gol kommune	Eff. tenesteprod.
15	Hallinghelse	Likeverdige helse-tenester for H-dal.		Hallingdal-kommunene	Ål kommune	Eff. tenesteprod.
16	Hallingdal Familie-/Krisesenter	Omsorgstenester + barnevernsvakt		Hallingdal og Valdres	Gol kommune	Eff. tenesteprod.
17	Hallingdal Barnevernteneste (sjå kap. 4.11)	Barneverntenester		Hallingdal-kommunene	Ål kommune	Eff. tenesteprod.
18	NAV Hallingdal	NAV-tenester i Hall.		Hall. komm.	Gol kommune	Eff. tenesteprod.
19	Felles Innkrevingskontor i Hallingdal (sjå kap. 4,8)	Innkrevjing av skatt og kommunale krav		Hallingdal-kommunene	Gol kommune	Eff. tenesteprod.
20	Hallingdal interkommunale politiske råd (Regionrådet)	Kommunelova § 18		Hallingdal-kommunene	Ål kommune	Regionalpolitisk posisjonering
21	PPT- Hol og Ål	PP-tenester	Fram til 1.1.24	Hol og Ål	Ål kommune	Eff. tenesteprod.
22	Miljøretta helsevern	Rådgjeving		Hall. komm.	Gol kommune	Eff. tenesteprod.
23	Kommunalt avløpstilsyn og vassovervaking (KAV)	Føre tilsyn med avløp og vassdrag.			Ål kommune	Eff. tenesteprod.
Kommunalt oppgåvefelleskap, stiftingar m.v. (kap. 19)						
24	Hol og Ål Felleskjøkken	Kjøkkentener			Hol er vertskom	Eff. tenesteprod.
25	Hallingdal Etablerersenter	Hjelp næringsetabl.		Hall. komm.	Eige styre	Politisk
26	Foreininga Leveld Kunstnartun	Fremje kunstnarleg arbeid i Hallingdal	Ål eig aksjar for kr 25 000.			Politisk
27	Tretterud Eldrebo	Eldreboligar	Saldo 1,5 mill.	Fond i Ål.		Samfunnsøkon.

Oversikt over aksjeselskap der Ål har indirekte eigarskap

Selskap	Eigarskap gjennom selskap som Ål eig i	Eigardel i %
Bruse AS	Vidju Holding AS (tidlegare Hallingdal Kraftnett AS)	88,2 %
Flå IT-senter AS	Vidju Holding AS	50 %
Hallingdal Bio Energi AS	Vidju Holding AS	33 %
Hallingdal Trepellets AS	Vidju Holding AS Hallingdal Renovasjon IKS eig	30,8 % 33,3 %
Hemsedal Bioenergi AS	Hallingdal Bio Energi AS	33,3 %
HallingKonsult AS	Vidju Holding AS	82 %
Kittilsviken Kraftverk AS	Vidju Holding AS	20 %
Torpomoen Drift AS (Torpomoen rednings- og øvingspark)	Vidju Holding AS	21 %
Snøgg Fiber AS (tidlagare Hallingdal Fibernett)	Vidju Holding AS	91,8 %
Dele Health Tech AS	Vidju Holding AS	10,3 %
Hallingdal Næringshage AS	Vidju Holding AS	15 %
Vidju Eigedom AS	Vidju Holding AS	100 %
ATB-Nett AS	Vidju Holding AS	14,3 %
Pratexo INC	Vidju Holding AS	10 %
Gol Stavkyrkje AS	Vidju Holding AS	0,3 %

Ål kommune sin verdiandel av selskap som er eigd indirekte, står i forhold til Ål kommune sitt direkte eigarskap i morselskapet.

4.1 Ål Kraftverk KF

Kommunen sin eigarstrategi

Eigarskapet er økonomisk motivert. Selskapet sine tilsette skal ha høg fagleg kompetanse som sikrar god og stabil drift både teknisk og administrativt. Selskapet sitt overskott skal disponerast slik styret og kommunestyret bestemmer til beste for kommunen og innbyggjarane og vere i hht. sunne bedriftsøkonomiske prinsipp. Selskapet skal ha nok kapital til å sikre god drift og nødvendige investeringar.

Nøkkelinformasjon	
Selskapsform, etableringsår	Kommunalt føretak etablert i 1914.
Besøksadresse/postadresse	Torget 1, 3570 Ål
Telefon	32085000/40293638
E-postadresse og heimeside	geir.tretterud@aal.kommune.no eller postmottak@aal.kommune.no www.aal.kommune.no
Formål (vedtekter)	Forvaltning av Ål kommunen sine kraftrettar på best mogeleg måte ved løpande sal av kraft etter retningsliner opptrekte av kommunestyret. Sjå til at inngåtte avtalar om konsesjonsandels-, Votna- og erstatningskraft blir følgt av leverandør, og at lover og forskrifter blir haldne. Syte for god drift og vedlikehald av Ål kraftstasjon og tilhøyrande eigedom «Rundemojøta»...
Eigarbrøk/eigarar	Ål Kommune eig 100 %
Tal på tilsette	1,2 årsverk
Dagleg leiar	Geir Tretterud
Styreleiar	Ordføraren i Ål
Styret og styreorgan	Medlemmene i formannskapet i Ål. Politisk oppnemnt styre i samband med val kvart 4. år. Valt av kommunestyret.
Rep. skap/generalforsamling	Kommunestyret
Rapporteringsrutinar	Rapporterer månadsvis til styret.
Eigenkapital	46 millionar.
Driftsinntekter i 2021	211 847 millionar. Overskott (etter skatt) kr. 76 mill.
Overført til Ål kommune i 21	Kr. 69,5 mill
Sum eigedelar i andre selskap	Eig 30 % i Lya kraftverk saman med E-CO Vannkraft A/S.

Nøkkeltal frå Proff 2021




4.2 Vardar AS

Kommunen sin eigarstrategi: *Eigarskapet er langsiktig.*

Nøkkelinformasjon	
Stiftelsesdato og org.nr.	12.12.1996 Org. nr. 977 028 442
For mål og vedtekter	1) Å investere i verksemder innan kraftbransjen og i beslekta og utfyllande verksemder. 2) Å investere i andre selskap for å bidra til utvikling og kompetanseoppbygging innan alternativ energi. 3) Produksjon av elektrisk energi.
Aksjekapital:	266 millionar.
Eigarar	Vardar er eigd av 19 kommunar i Buskerud. Ål kommune eig 1 %. Selskapet sine aksjar kan berre eigast av norske kommunar, norske fylkeskommunar, den norske stat eller føretak eigd og kontrollert 100 % av desse.
Besøksadresse og heimeside	Drammen www.vardar.no
Visjon/ambisjonar	Verdiskaping gjennom langsiktige investeringar innan fornybar energi.
Driftsinntekter i 2021	244,5 mill. kr.
Årsresultat	-25 mill. kr
Sum eidedelar i andre selskap	Vardar Varme, Vardar Vind, Vardar Vannkraft, Å Energi, Kongsberg Innovasjon, Øvre Eiker Fjernvarme, Kvalheim Kraft m.fl. mindre. Aksjeverdi i 2021 var ca. kr. 916 mill. Resultat frå selskapa var 159 mill.
Utbytte for 2021	Totalt 125 mill. For Ål kommune ca. 1,25 mill.
Sum eidedelar i 2021	Ca. 3,5 mrd.
Gjeldsgrad	0,9
Eigenkapital i %	52

Nøkkeltal frå Proff 2021




4.3 Vidju Holding AS (tidl. Hallingdal Kraftnett AS)

Kommunen sin eigarstrategi *Eigarskapet er langsiktig.*

Informasjon	
Etableringsår	28.5.2020. Hallingdal Kraftnett vart ein del av Vidju Holding.
Formål og vedtekter	«Arbeide for en sikker, økonomisk og rasjonell overføring av el-kraft i konsesjonsområdet.» «Vidju Holding AS kan, direkte eller gjennom datterselskaper, delta i annen forretningsvirksomhet som hører naturlig inn under eller er beslektet med virksomheten.»
Besøksadresse og heimeside	Energihuset, Geilo www.hallingdal-kraftnett.no
Konsernsjef	Audun Grynning
Aksjekapital	200 mill kr.
Eigarbrøk/eigarar	Ål kommune eig ca. 25 %.
Sum eidedelar i 2021	Ca. 684 mill. kr.
Eig 100% i desse selskapa	Vidju Eigedom, Hallingdal Kraftnett, Snøgg Fiber, Bruse.
Sum eidedelar i andre selskap	Aksjeverdi i 2021 var ca. kr. 480 mill. Hallingdal Teleservice, Hallingkonsult, Hallingdal Bio Energi, Hallingdal Trepelletts, Kittilsviken Kraftverk, Flå IT-senter, Hallingdal Næringshage, Torpomoen Drift, Dele Health Tech, Pratexo, ATB-Nett og Gol Stavkyrkje.
Utbytte for 2021	0
Driftsinntekter 2021	5,2 mill. kr.
Årsresultat (etter skatt)	991 mill. kr.
Eigenkapitalandel i %	73
Gjeldsgrad	0,4

Nøkkeltal frå Proff 2021



4.4 Ål Utvikling AS

Kommunen sin eigarstrategi

Styrke kommunen som arena for næringsutvikling.

Informasjon	
Etableringsår og org.nr.	Etablert i 1998 Org.nr. 980 405 249
Formål jf. vedtekter. Sist revidert i 2017	Selskapet skal utvikle, tilrettelegge og marknadsføre tilbud som Ål-samfunnet har med sikte på at auka kjennskap og aktivitet vil styrke næringslivet og gjere Ål til ein betre kommune å bu i. Arbeidsoppgåvene/tiltaka skal i stor utstrekning vera til nytte for aksjonærane. Drift av turistinformasjon og turløypenettet er ein del av arbeidsoppgåvene. Selskapet skal ha eit langsiktig perspektiv med arbeidsoppgåver som samsvarer med måla til selskapet. Selskapet kan erverve aksjar eller ha eigarinteresser i andre selskap med liknande mål.
Besøksadresse	Ål kulturhus, Myren 40
Kontaktperson/e-post	Kristian Kvistad Holm post@alutvikling.no www.aal.no
Eigarar	Ca. 155 lokale bedrifter er aksjonærer. Ål kommune har ca. 10 %.
Antal på tilsette	5 årsverk
Styret og val	Ola Opheim (leiar), Jørund Li, Magnus Tveito, Sondre Eggestøl og Mona Sando. 4 representantar frå aksjonærane + 1 politisk vald i Ål
Årsresultat 2021	32 000 kr
Eigenkapital	597 000 kr
Rapportering til kommunen	Årsmelding og årsrapport
Aksjekapital 2021	327 000 kr.
Årleg driftstilskott frå	1.500 000 kr.
Eigenkapitalandel i %	46,8
Gjeldsgrad	1,1

Nøkkeltal frå Proff 2021



4.5 VINN AS Hallingdal

Kommunen sin eigarstrategi

Som arbeidsmarkedsbedrift har Vinn AS ikkje lov til å betale utbytte til sine eigarar. Selskapet er imidlertid viktig for Ål kommune slik at vi kan tilby tilrettelagte arbeidsplassar for våre innbyggjarar som har behov for dette. Eigarskapet er tenesteproduksjonsmessig motivert.

Informasjon	
Etableringsår og org.nummer	1991 Org.no. 960629779
Besøksadresse og heimeside	Klemmavegen 8, 3550 Gol www.vinn-hallingdal.no
Kontaktperson/dagleg leiar	Lisbeth Fløgo Skølt
Formål jf. vedtekter. Revidert i 2017	Legge til rette for aktiv arbeidsdeltaking gjennom attføring og/eller varig tilrettelagt arbeid. VINN skal drive arbeidsrelatert veiledning og opplæring og bidra til arbeidsinkludering for personar i Hallingdal som av ulike grunnar står uten arbeid, står i fare for å falle ut av arbeidslivet eller har usikre muligheter til arbeid. Selskapet kan eige eller vere involvert i andre selskap som fell inn under dette formålet. Vinn har ikkje som formål å skaffe aksje-eigarane økonomisk utbytte. Det delast derfor ikkje ut utbytte.
Eigarbrøk/eigarar	Ål har 24,0 %. Andre aksjonærar: Hol, Gol, Hemsedal, Nes og Flå.
Styret og val	Styreleiar er Liv E. Juchelka. Styret har 5 representantar med vara. Ein representant med vararepresentant skal veljast av og blant selskapet sine fast tilsette. Valperioden er 2 år, der halvparten er på val kvart år. Styret sin leiar og nestleiar blir valt for eitt år. 4 rep. frå aksjonæranne + 1 rep. for dei tilsette vel styret.
Rep.skap/generalforsamling	Generalforsamling: På generalforsamlinga har kvar aksje ein stemme og alle avgjersler blir fatta med alminneleg fleirtal av dei stemmer som er gitt. Generalforsamlinga skal velje fire representantar frå eigarkommunane med personlege vara.
Aksjekapital	Utviding i 2019 av aksjekapitalen på til saman ca. 3,8 mill.
Resultat etter skatt i 2021	844 000 kr.
Driftsinntekter i 2021	26 mill. kr.
Årleg kommunalt driftstilskott	1.500 000 kr.
Gjeldsgrad	0,6

Nøkkeltal frå Proff 2021



4.6 Hallingdal brann- og redningsteneste IKS

Kommunen sin eigarstrategi

Gje kommunen tilgang på ei kvalitativ og kostnadseffektiv brann-og redningsteneste.

Informasjon	
Selskapsform og org.nr.	Interkommunalt selskap (IKS) Org. nr. 980611086
Besøksadresse/e-post	Torpomoen, 3570 ÅL E-post: post@hbr.no www.hbr.no
Etableringsår/historikk	Hemsedal og Gol brann- og redningsteneste IKS blei etablert 1.1.1999 der Ål kommune kjøpte førebyggjande teneste. F.o.m. 1.1.2005 var Ål kommune medeigar i selskapet som då fekk namnet Hallingdal brann- og redningsteneste IKS. Frå 2018 vart også kommunane Nes og Flå med i Hallingdal brann- og redningsteneste.
Formål jf. vedtekter	Kommunane Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå har inngått avtale om å ha ei felles brann- og redningsteneste, jfr. brannvernlova § 9, andre ledd. Selskapet skal ha ansvar for og mynde til å ivareta kommunane sine plikter etter brannvernlova med tilhøyrande forskrifter, med dei unntak som følgjer av lova sjølv. Selskapet skal treffe vedtak om å delegera mynde vidare til dagleg leiar/brannsjef. Selskapet skal leggje vekt på kvalitet gjennom allsidig og høg fagleg kompetanse for dei utfordringar selskapet står framfor til ei kvar tid. Selskapet sine oppgåver skal til ei kvar tid skje i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter. Kommunen kan legge anna arbeid til selskapet så langt dette ikkje svekker selskapet si evne til å gjennomføre oppgåvene etter brv. lova.
Eigarbrøk/eigarar	Ål kommune 23,4%, Gol 24,2%, Hemsedal 20,9%, Nes 18,4%, Flå 13,1%
Styret	Håkon Myro er styreleiar. Styret har i tillegg 6 medlemmer+ vara.
Val og valform av styre	Representantskapet vel styreleiar, nestleiar og fem styremedlemer med personlege varamedlemer. Mannskapet vel sjølv sin repr.
Rep. skap/generalforsamling	Representantskapet er ordførar frå kvar kommune med varaordførar som sin vararepresentant.
Sum eigedelar	1,5 mill. kr.
Kommunalt driftstilskot	Ål kommunestyre vedtak årleg tilskot.
Andelar i andre selskap	10 % i Torpomoen Drift as.

Nøkkeltal frå Proff 2021



4.7 Hallingdal Renovasjon IKS

Kommunen sin eigarstrategi

Gi kommunen ein kostnads- og miljøeffektiv renovasjon etter sjølvkostprinsippet. I dette ligg og ein best mogeleg nytting av produsert energi og overskotsvarme.

Informasjon	
Selskapsform og org.nr.	Interkommunalt selskap (IKS) Org.nr. 951608629
Etableringsår/historikk	Hallingdal Renovasjon blei etablert i 1980 og omdanna til interkommunalt selskap (IKS) i 2003. Selskapet er eigd av dei 6 kommunane i Hallingdal og Krødsherad (frå 2012) etter ein fordelingsnøkkel basert på folketal. Etter selskapsavtalen vert eigardelane regulert for fire år om gongen i forhold til innbyggartalet i den enkelte kommune 1. januar påfølgande årsskifte etter kommuneval.
Besøksadresse	Kleivi Næringspark, 3570 Ål
E-postadresse og heimeside	firmapost@hallingdalrenovasjon.no www.hallingdalrenovasjon.no
Formål jf. vedtekter	Hallingdal Renovasjon IKS skal ha som formål å drive innsamling og handtering av husstandsavfall, næringsavfall og slam med grunnlag i sjølvkostprinsippet. Selskapet skal også drive produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar. Selskapet skal være ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region".
Eigarbrøk/eigarar	Ål kommune 20,64 %, Flå kommune 4,64 %, Nes kommune 14,45 %, Gol kommune 20,35 %, Hemsedal kommune 10,98 %, Hol kommune 19,61 %, Krødsherad kommune 9,33 %.
Styret og val	Styret har 8 medlemmer + vara. Leiar er Hanne Brunborg. Styret vert valde av representantskapet for 2 år. Medlemmer av representantskapet eller dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.
Representantskap	To representantar med varamenn for kvar av eigarkommunane.
Rapportering til kommunen	Årsrapport i juni.
Sum eigedelar	180 mill. kr.
Driftsinntekter 2021	5,3 mill. kr.
Sum eigedelar i andre selskap	Rekom AS 0,95% (AK kr.39'), Retura Valhall AS 50% (AK kr. 505'. Ål Utvikling AS, Hallingdal Trepellets AS 16,8% (AK kr.765'). Retura ValHall AS 50% (AK kr.505') og Hall. Bio Energi AS 0,33% (AK kr. 703')
Eigenkapital i %	-2,7
Gjeldsgrad	38,3

Nøkkeltall frå 2021 - Kopi frå www.proff.no



4.8 Felles Innkrevingskontor i Hallingdal

Kommunen sin eigarstrategi
Drive kostnadseffektiv skatteinnkreving som ivaretak likebehandling og retts-sikkerhet.

Informasjon		Merknad
Selskapsform	Kommunalt samarbeid. Org. nr. 926 064 835	
Besøksadresse	Gamlevegen 4, 3550 Gol	
Kontaktperson	Hege Mørk	
E-postadresse og heimeside	hallingdal.skatteoppkrever@hds katt.no og www.gol.kommune.no	
Formål/vedtekter 4.6.2004. Sist endra 16.2.2022	Formålet med samarbeidet er å effektivisere og rasjonalisere arbeidet med skatteregnskapen, skatteinnfordringa og kommunal innfordring ved å utnytte den samla kompetansen innanfor området. Samarbeidet skal sikre likebehandling i innfordringssaker og styrke rettssikkerheita for den enkelte skyldnar og bidra til at ressursane blir optimalt nytta og slik at kvaliteten blir ivareteke i den enkelte kommune.	
Eigarbrøk/eigarar	Hallingdalskommunane med 1/6 kvar	
Etaberingsår/historikk	2021	
Styrets medlemmer	Hege Mørk er leiar. 2 representantar frå kvar av deltakakommunane.	
Val og valform av styre	Kvart kommunestyre vel sin representant.	
Rep.skap/generalforsamling	Nei	
Rapportering til kommunen	Skatt – månadsrapportering og årsrapportering	
Eigenkapital og totalkapital	Nei	
Økonomiske transaksjonar med kommunen	Overføring av innkomen skatt pr. måned og kommunal innfordring kvar veke. Kommunen betaler a konto sin del av budsjettet og avrekning ved endeleg årsrekneskap.	

4.9 Viken Kommunerevisjon IKS

Kommunen si eigarstrategi

Gje kommunen lovpålagde revisjonstenester, kontroll og tilsyn og støtte og rådgjeving der dette er ynskjeleg.

Informasjon	
Selskapsform og org. nr.	Interkommunalt samarbeid (IKS) Org. nr. 985 731 098
Besøksadresser	Øvre Eikervei 14, 3048 Drammen. Alfarvegen 117, 3540 Nesbyen
Postadresse	Pb 4197 – 3005 Drammen
Kontaktperson	Inger Anne Fredriksen
E-postadresse/heimeside	post@vkrevisjon.no https://vkrevisjon.no
Formål jf. vedtekter (2003)	Utføre lovpålagte revisjonsoppgåver for deltakarane etter kommunelova med tilhøyrande forskrifter. Revisjonsarbeidet omfattar reknskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Selskapet utfører også andre tenester, herunder undersøkingar så langt dette er foreinleg med selskapets oppgåver som revisor. Selskapet kan påta seg oppdrag for andre enn selskapets deltakarar dersom dette ikkje er i strid med gjeldande bestemmelsar om revisjon og anna lovgiving. Selskapet yter også andre former for rådgiving og veiledning relatert til kommunal og fylkeskommunal drift, så langt detter er foreinleg med selskapets oppgåver som revisor.
Eigarbrøk/eigarar	Selskapet er eigd av kommunane Ål (3.5%), Hol, Hemsedal, Gol, Nes, Flå, Drammen, Enebakk, Flesberg, Kongsberg, Krødsherad, Modum, Nesodden, Nore og Uvdal, Ringerike, Rollag, Sigdal, Øve Eiker og Ås.
Etableringsår/historikk	Viken Kommunerevisjon ble etablert i 2003 og overtok Kommunerevisjon IKS (for Hallingdal og Valdres) i 2021.
Styret	Hans Eid Grøholt (leiar). Linn Kristin Evju, Carina S. Tangen, Lars Ole Skogen, Trond Simarud og Line Merete Erdal
Val og valform av styret	Styrets medlemmer (6 og 3 varamedlemmer) velgast for 2 år av representantskapet der alle eigarkommunane skal vere representert med 1 representant kvar. Det enkelte kommunestyret vel sjølv sin representant med vararepresentant.
Eigenkapital og totalkapital	Eigenkapital kr 1.500.000
Økonomiske transaksjonar	Selskapet fakturerer sine tenester etter medgått tid.

Nøkkeltal frå Proff 2021



4.10 IKT Hallingdal

Kommunen sin eigarstrategi

Utvikle ei god og robust IKT-plattform som bidreg til auka effektivitet og kvalitet i all teneste-produksjon og i støttefunksjonane i eigarkommunane.

Informasjon	
Selskapsform og org. nr.	Vertskommunesamarbeid. Org. nr. 820 575 482
Besøksadresse	Gol kommunehus, Gamlevegen 4, Gol
Kontaktperson	Driftsansvarleg: Erling Torkelsgard
E-postadresse og heimeside	Erling.Torkelsgard@hdnett.no www.ikthallingdal.no
Formål jf. vedtekter	Drift av IKT-tenester for kommunane og kommunale verksemder i Hallingdal. Samarbeidsavtalen vart revidert i 2014.
Eigarbrøk/eigarar	Hallingdalskommunane. Kostnadsfordeling etter folketal.
Etableringsår/historikk	Stifta 14.3.2014. Vertskommunesamarbeid frå 2014. (§27).
Tal på tilsette	20
Dagleg leiar	Erling Torkelsgard
Styreleiar	Kommunedirektør i Gol har overordna juridisk ansvar.
Styrets medlemmer	Styringsgruppe IKT består av rådmennene i Hallingdalskommunane.
Val og valform	Det er ikkje vald styre.
Rep.skap/generalforsamling	Ikkje aktuelt.
Rapportering til kommunen	Månadleg rapportering til IKT Styringsgruppe. Rådmannen i Ål sit i styringsgruppa. Rekneskap og årsmelding blir lagt fram for kommunestyra i samarbeidskommunane.
Økonomiske transaksjonar med kommunen	IKT Hallingdal er ein del av kommune-organisasjonen til Gol kommune. Utgiftene blir fordelt Hallingdalskommunane etter folketalet.

4.11 Hallingdal barnevernteneste

Kommunen si eigarstrategi

Sikre eit kompetent barnevern som oppfyller krava i lov om barnevern.

Informasjon	
Selskapsform og org. nr.	Interkommunalt samarbeid (IKS) Org.nr. 996 101 649
Besøksadresse	Sundrevegen 95, 3570 ÅL
Kontaktperson/leiar	Helene Sagabraaten
E-postadresse og heimeside	helene.sagabraaten@aal.kommune.no http://www.aal.kommune.no/Tjenester/Barn-og-familie/Barnevernstenesta/
Formål jf. Samarbeidsavtalen av 2017.	1 Oppfylle formålet i barnevernlova 2 Sikre eit breitt fag- og kompetansemiljø 3 Kostnadseffektiv drift.
Eigarbrøk/eigarar	Eigd av Hallingdalskommunane (Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen og Flå).
Etableringsår/historikk	Hallingdal barnevernteneste vart stifta 26.10.2010 med oppstart frå 01.01.2011. Det er ein samarbeidsavtale med alle kommunane.
Tal på tilsette	44 tilsette
Overordna leiar	Rådmannen i Ål kommune
Styringsgruppe	Styringsgruppe består av rådmenn i dei 6 Hallingdalskommunane.
Val og valform av styre	Rådmannsutvalet er styringsgruppe.
Rapportering til kommunen	Rapportering kvart tertial til styringsgruppa. Eiga årsmelding. Rekneskap og årsmelding blir lagt fram for kommunestyra.
Økonomiske transaksjonar med kommunen	Midlar knytt til drift av tenesta blir fordelt mellom kommunane etter folketalet. Utgifter knytt til enkeltsaker blir belasta barnet sin heimkommune.